



**NO** Er det mogleg å fremje nye former å leve saman på, som er verken individualisme eller global konkurranse, sjølv om det kan verke uopnåeleg? Er vi i stand til å etablere band basert på kompromiss, gjensidig plikt og samarbeid, utan nødvendiggvis å kvitte oss med våre indre forskjellar? Kva praktiske, teoretiske og symbolske handlemåtar kan vi førestille oss gjennom kunsten, midt i den noverande sosiopolitiske konteksten der sterke motsetnadar og splitting rår?

**Tretoppans blygskap** er eit botanisk fenomen der tre sjølve definerer grensa for kor mykje dei veks, slik at ulike artar kan eksistere saman på lauvtalet utan konkurranse. Mykje forskning har vore gjort på dette medvitet hos tre, og utgangspunktet vårt er trea sitt interne kommunikasjonssystem. Gjennom utveksling av kjemiske signal vernar dei seg mot førekomsten av sjukdommar, mot negativ påverknad frå miljøet rundt, og dei avgrensar sitt eige livsrom i kontakten med andre tre. Desse naturlege infrastrukturane i vegetasjonen skaper “mellomrom av blygskap”: rom mellom trekronene som gjer at trea berre så vidt – om i det heile teke – kjem borti kvarandre. Trea er til dømes einige om å la lyset sive gjennom, samstundes som dei ikkje slepp inn element som er skadelege for livet som gruppe. Slike kanalliknande rom blir i utstillingskonteksten vår tolka som mogleheitsrom.

Den poetiske observasjonen av dette fenomenet utfordrar nokre av dei moderne, leiande forståingane av naturen – nemleg at den sterkaste alltid sigrar i kampen for å overleve. Overfører vi dette til oss menneske, kan den kollektive intelligensen og omtanken for fellesskapet vi ser hos trea, gje oss eit perspektiv





på vår samtidige eksistens og minne oss om at vi – som medlemmar av eit samfunn – må handle raskt for å skape eit økosystem der relasjonar, møter og utveksling framleis kan vekse fram frå samvirke. Lærdommen frå trea utfordrar forsvaret av blind konkurranse i det noverande sosioøkonomiske rammeverket.

Denne utstillinga har potensialet til tremetaforen som utgangspunkt, og syner fram kunstnarlege praksisar som fremjar eller synleggjer ulike scenario som handlar om å leve saman og lære av kvarandre, samstundes som vi godtek at alle er annleise og ulike. Utstillinga undersøker kva samfunn og fellesskap kan tyde i dag, gjennom kunstverk som bidreg til ei breiare forståing av omgrepa (men utan å nekte for at konflikt, ustabilitet eller sårbarheit finst). Vi vil byggje på vår kompleksitet, våre motsetningar og våre veikskapar og slik strekkje oss mot nye horisontar der vi kan leve side om side og skape meir subtile og fleksible relasjonar med andre for å verte sterkare saman. Med dette målet for auge legg utstillinga vekt på meir intuitive, poetiske læringsmetodar og tilnærmingar til naturen, som overskrider grensene for vitskapeleg kunnskap.

Arbeida som vert presenterte på [Sogn og Fjordane Kunstmuseum](#), inviterer publikum til å kjenne på kor omskiftelege relasjonar mellom menneske kan vere, til å verte merksame på sine eigne kroppar i forhold til andre og til å oppdage ulike former for deling og utveksling av tid, rom og kunnskap. Det heile dannar ein "sosial skulptur", som kan minne oss om kjenslene i grasrotrørsler, til dømes sitt-ned-aksjonar og demonstrasjonar, der kommunikasjonen med andre skjer utan ord og først og fremst gjennom foreininga av kroppar. Enkeltpersonar, som

trær, er synlege kvar einaste dag, sjølv om handlingane deira ikkje alltid er synlege ved første augekast. Som fellesskap står vi no overfor utfordringa med å drøyme og byggje ekte rom for kritikk, ønske og forvandling, der vi tek omsyn til det som fører oss saman, og det som skil oss. Korfor ikkje starte frå eit radikalt fantasibilete, eller til og med eit eventyr, om det gjev oss eit verkemiddel for å nå målet?

Beatriz Alonso





EN Is it feasible to promote new forms of living together beyond individualism and global competition, even if this objective seems almost unattainable? Are we capable of establishing links based on compromise, mutual commitment and cooperation without necessarily relinquishing our inner differences? What practical, theoretical and symbolic agencies may we imagine through art in the midst of the current socio-political context governed as it by antagonism and division?

**The Shyness of the Crowns** is a botanical phenomenon in which trees define the limit of their growth, thereby allowing different species their non-competitively coexistence in the canopy. Among the large body of research conducted on such awareness in trees, our point of departure is their internal communication system. Through the exchange of chemical signals, they guard against the occurrence of diseases, of environmental stress, or simply delimit their own living space in connection with other trees. These natural infrastructures within the vegetation create 'shyness gaps': gaps between the crowns of the trees slightly — if ever — touching one another which allow them to agree, for instance, on letting the light through, while preventing the intrusion of elements that are harmful to group living: such channel-like gaps are construed in this context as spaces of possibility.

The poetical observation of this phenomenon challenges some of the modern hegemonic readings around nature according to which the fittest always prevails in the fight for survival. To bring it into the human domain, this collective intelligence, this concern for the common good, could be put





into perspective with our contemporaneous existence and remind us of the urgent need to take action — as members of a society — with a view to creating an ecosystem in which relationships, encounters and exchanges can still emerge from synergies. In doing so, it challenges the justification of wild competition within our current socio-economic framework.

Bearing in mind the potential of such metaphor as a starting point, this exhibition engages with artistic practices that promote or make visible heterogeneous scenarios devoted to living together and learning from one another while still accepting our otherness and our differences. To review the concept of community today, through works of art that contribute to a broader understanding of what it entails [yet without denying the existence of conflict, instability or fragility]. To set out on a quest for new horizons, building on our complexities, contradictions and weaknesses to live side by side and produce more subtle and flexible bonds with others in order to become stronger together. To this end, the exhibition highlights more intuitive, poetic learning methodologies and approaches to nature beyond the limits of scientific knowledge.

The works presented at [Sogn og Fjordane Kunstmuseum](#) invite local audiences to feel the vicissitudes of human relationships, to become aware of their own bodies with relation to the others as well as to discover different forms of sharing and exchanging time, space and knowledge. The whole forms a «social sculpture», which may remind us of different feelings that can be found during grass-roots sit-ins and marches, where communication with others goes beyond words and finds its

fullest expression in the union of bodies. Individuals as trees emerge day to day, yet if some are not always visible. We now face the challenge of dreaming and building, in a joint effort, genuine spaces of critique, desire and transformation, while taking into account not only what brings us together but also what separates us. Why not start from a radical imaginary, or even a tale, if it provides a means to our end?

Beatriz Alonso



**NO** UNG KURATOR PRIS 2016 / MARCO / 49 NORD 6 EST / SFKM

**49 Nord 6 Est – Frac Lorraine, Metz, Frankrike**

17. MARS – 4. JUNI 2017

**MARCO, Museo de Arte Contemporánea de Vigo, Spania**

23. JUNI 2017 – 7. JANUAR 2018

**SFKM, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde, Norge**

17. FEBRUAR – 3. JUNI 2018

KURATOR **Beatriz Alonso**

KUNSTNARAR **Lara Almarcegui, Helena Almeida, Kader Attia, Dora García, Célia Gondol, Amalia Pica, Rita Ponce de León og Tania Solomonoff, Alex Reynolds, Cecilia Vicuña**

PRODUKSJON **49 Nord 6 Est – Frac Lorraine, Metz [FR] / MARCO, Museo de Arte Contemporánea de Vigo [ES] / SFKM, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde [NO]**

GRAFISK DESIGN **Roberto Vidal, Madrid [ES]**

OMSETJING TIL NYNORSK **Atle Kleppe [NO]**

TRYKK **eige trykk ved SFKM**



**EN** AWARD FOR YOUNG CURATORS 2016 MARCO / 49 NORD 6 EST / SFKM

**49 Nord 6 Est – Frac Lorraine, Metz, France**

MARCH 17 – JUNE 4, 2017

**MARCO, Museo de Arte Contemporánea de Vigo, Spain**

JUNE 23 2017 – JANUARY 7, 2018

**SFKM, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde, Norway**

FEBRUARY 17 – JUNE 3, 2018

CURATOR **Beatriz Alonso**

ARTISTS **Lara Almarcegui, Helena Almeida, Kader Attia, Dora García, Célia Gondol, Amalia Pica, Rita Ponce de León and Tania Solomonoff, Alex Reynolds, Cecilia Vicuña**

PRODUCTION **49 Nord 6 Est – Frac Lorraine, Metz [FR] / MARCO, Museo de Arte Contemporánea de Vigo [ES] / SFKM, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde [NO]**

EDITORIAL DESIGN AND TYPESETTING **Roberto Vidal, Madrid [ES]**

TRANSLATIONS **Atle Kleppe [NO]**

IMPRESSION **Printed at SFKM**





NO © Fotografi og tekstar: sjå fotokreditering

Dette heftet er laga for å supplere vitjinga i utstillinga. Heftet er ein del av eit pågåande redaksjonelt fleirspråkleg prosjekt.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum er eit av Norges 12 regionale kunstmuseum. Museet har ansvar for meir enn 4000 kunstverk frå 1900 til i dag, plassert i fem ulike samlingar og galleri. Hovudfokuset i samlingane er på regional og norsk kunst. Museet produserer basisutstillingar med verk frå dei fem samlingane og skiftande utstillingar med samtidskunst. [www.sfk.museum.no](http://www.sfk.museum.no)

Med støtte frå 'Acción Cultural Española, AC/E'-'Programa de Internacionalización de la Cultura Española (PICE)' og 'L'Institut français de Norvège'.

**AC/E**  
ACCIÓN CULTURAL  
ESPAÑOLA

**INSTITUT  
FRANÇAIS**  
NORVÈGE

EN © Photos and texts: individual authors

This booklet has been designed to complement the visit to the exhibition. It is part of an ongoing editorial multilingual project.

The Sogn og Fjordane Kunstmuseum is one of Norway's 12 regional art museums and it covers the region of the Fjords in western Norway. The museum has the responsibility for more than 4000 artworks dating from 1900 up to today, situated in 5 different locations. The main focus of the collections is on regional and national art. The museum produces permanent exhibitions featuring art from all the five collections and temporary exhibitions of contemporary art. [www.sfk.museum.no](http://www.sfk.museum.no)

With the kind support of 'Acción Cultural Española, AC/E'-'Programa de Internacionalización de la Cultura Española (PICE)' and the 'Institut français' in Norway.

**AC/E**  
ACCIÓN CULTURAL  
ESPAÑOLA

**INSTITUT  
FRANÇAIS**  
NORVÈGE





11



16

49 NORD  
6 EST  
FRAC  
LORRAINE

MARCO  
MUSEO DE ARTE CONTEMPORÁNEA DE VIGO



SOGN OG FJORDANE  
KUNSTMUSEUM




17




8





**The Shyness of the Crowns**



Tretoppnes blygskap

Sogn og Fjordane

Kunstmuseum

**17/02/18 - 03/06/18**



## LARA ALMARCEGUI

Født i 1972 i Zaragoza (ES). Bur og arbeider i Rotterdam (NL).  
Born in 1972 in Zaragoza (ES). Lives and works in Rotterdam (NL)

**NO** 'Eg ville vise interessa mi for dei små, provisoriske strukturane vi finn i kolonihagar, og eg byrja å leite etter ei falleferdig hytte som ikkje lenger var i bruk. Eg søkte om løyve til å overta og restaurere hytta eg fann. Enkelte delar reiv eg, og noko bygde eg sjølv. Så måla eg og innreidde, og då eg var ferdig, var hytta forvandla til ein utandørs kafé for alle hageentusiastane.' Lara Almarcegui

Felleshagar byrja å vekse fram på slutten av 1800-talet, som eit arbeidarklassefenomen. Då handla det om å dyrke frukt og grønt til familien, no handlar det meir om å finne tilbake til naturen og styrke det sosiale fellesskapet. Desse hagane ligg midt i urbane landskap og tek tilbake område som er ubrukte eller gløymde. I motsetnad til resten av byen, som gjerne er nøye planlagd og strengt regulert, er hagane heilt og fullt utforma av brukarane sjølve.

'To show my interest in small makeshift structures found in allotment gardens, I began looking for some abandoned, ramshackle cabin. I applied for a permit to occupy and restore it, which I did by dismantling some parts and constructing others. I painted and furnished it, then turned it into an outdoor café, a hangout for all the gardeners.' Lara Almarcegui

Community gardens began to appear in the late 19th century, as a way for working-class families to grow their own produce, and have now shifted their focus: they are now more about reconnecting with nature and strengthening social bonds. At the heart of a strictly planned and regulated urban landscape, these gardens reclaim disused land and constitute rare spaces entirely designed by their users.

AN OPEN AIR CAFÉ IN THE ALLOTMENT  
GARDENS. THE VAN HOUTEN ALLOTMENT  
GARDEN ASSOCIATION IN WEESP  
[AMSTERDAM], 2003.  
EIN UTANDØRS KAFÉ I KOLONIHAGANE.  
VAN HOUTEN KOLONIHAGESELSKAP I  
WEESP [AMSTERDAM], 2003.

## HELENA ALMEIDA

Født i 1934 i Lisboa (PT). Bur og arbeider i Lisboa (PT)  
Born in 1934 in Lisbon (PT). Lives and works in Lisbon (PT)

**[NO]** Beina til Helena Almeida og mannen hennar er bundne saman. Klønete sleper dei seg fram og tilbake foran kameraet. Kablane som bind dei saman, losnar gong på gong, og kunstnaren må heile tida stramme til undervegs. Paret nøler og forhandlar tyst seg imellom når dei skal snu seg rundt og bestemme seg for kven som skal ta neste steg.

Den andre gir støtte, men er også ei byrd, og koreografien kan ikkje bli anna enn haltande. Det langtekelege strevet med å bevege seg er eit hinder for paret si personlege utvikling. Men dei gir ikkje opp, dei slit og strevar, og dette er eit rørende aspekt ved verket. Som kunstnaren har sagt tidlegare, er dette "ei leiting etter den andre, den andre som er rett i nærleiken".

Their legs fettered together, Helena Almeida and her husband trudge back and forth before the camera with awkward persistence. The wires tying them one to the other keep getting undone and need to be constantly tightened by the artist in the course of their routine. One can sense moments of hesitation and silent negotiation as the pair is about to turn around and decide who will make the next move.

The other provides support but is also a burden with which one must create a halting choreography. The effort, hampered and tedious, gets in the way of the couple's personal development. Yet the insistence with which they plod along is quite touching. As the artist noted in the past, this is 'a search for the other, the other who is right there.'

SANS TITRE [UNTITLED / UTAN TITTEL], 2010.

## KADER ATTIA

Født i 1970 i Dugny i Seine-Saint-Denis (FR). Bur og arbeider i Berlin (DE) og Paris (FR)  
Born in 1970 in Dugny, Seine-Saint-Denis (FR). Lives and works in Berlin (DE) and in Paris (FR)

**[NO]** Denne nesten umerkelege erklæringa er ein hyllest til den intime motstanden som skjer gjennom kvardagens små gestar, hemmeleg eller bak lukka dører. Erklæringa er flyktig, og ho må derfor heile tida fornyast, approprierast på nytt i same augneblinken ho blir skriven ned eller lesen.

Erklæringa blei formulert under Den arabiske våren og tek oss altså tilbake til denne nye protesttida. Ulydnad skjer ikkje berre gjennom demonstrasjonar, det pregar livet til alle menneske. Utsegna er skriven på det lokale språket og minnar oss om at vi kan setje i gang endring. Og individuelle motstandshandlingar, som tilsynelatande ikkje har noko med einannan å gjere, blir til kollektivt opprør når mange kroppar møtest og handlar i fellesskap.

This nearly imperceptible declaration is an homage to intimate forms of resistance carried out through minimal everyday gestures either secretly or behind closed doors. Its ephemeral character suggests that it needs to be constantly renewed, reappropriated at the very instance it is being written or read.

Conceived at the time of the Arab Spring revolutions, this affirmation harks back to a new time of protest. Outside demonstrations, disobedience permeates everybody's lives. Written in the local language, the phrase reminds us that we are a vehicle of change. Individual, seemingly unrelated acts of resistance add up to uprisings and become collective in the coming-together of bodies.

RÉSISTER, C'EST RESTER INVISIBLE, 2011.

[TO RESIST IS TO REMAIN INVISIBLE], 2011.

[Å STÅ I MOT ER Å HALDA SEG USYNLEG], 2011.

THE JOYCEAN SOCIETY, 2013.  
JOYCE FORENINGA, 2013.

## DORA GARCÍA

Født i 1965 in Valladolid (ES). Bur og arbeider i Barcelona (ES)  
Born in 1965 in Valladolid (ES). Lives and works in Barcelona (ES)

**NO** Ei lesegruppe i Zürich har møttest sidan 1986 for å lese James Joyces Finnegans Wake [1939]. Boka er kjend for å vere vanskeleg og har blitt tolka på mange ulike måtar. Lesegruppa stykkar opp boka og går gjennom ho setning for setning, ord for ord. Når siste ordet er nådd, byrjar dei utrøyttelege lesarane om att frå starten.

Det tilsynelatande absurde målet til lesegruppa har halde medlemmane samla i over tretti år. Ein kan ane korleis forholdet mellom dei har utvikla seg i løpet av denne tida. Denne kollektive utforskinga er eineståande fordi ho skjer heilt utan omsyn til økonomisk vinning eller produktivitet. Det er entusiasme og lidenskap som gjer at lesarane møtest om att og om att, for å lodde djupna i kreativiteten og vinne kunnskap i fellesskap.

**EN** A reading group based in Zürich has met since 1986 to read James Joyce's Finnegans Wake [1939]. Notorious for being difficult and subject to multiple interpretations, the book is being decomposed sentence by sentence, word by word. Once they have reached the last word, the indefatigable readers start over from the beginning.

The seemingly absurd task the group had set themselves has brought them together for thirty years, and one can discern how relationships are forged over time. This collective adventure is remarkable for its detachment from any financial or productivity considerations. Instead, they meet again with unflagging energy and start reading anew with shared passion, plumbing the inexhaustible depths of creativity and shared knowledge.

SLOW, 2014-2017.  
LANGSAM DANS, 2014-2017.

## CÉLIA GONDOL

Født i 1985 i Paris (FR). Bur og arbeider i Paris (FR)  
Born in 1985 in Paris (FR). Lives and works in Paris (FR)

**NO** Ei gruppe av dansarar bevegar seg rundt i museet. Rørslene verkar tilfeldig, og gruppa deler seg og møtest i ein evigvarande loop. Folk som vitjar museet, blir no og då bydd opp til ein roleg, tett dans. Dansarane nynnar også ein stadig meir gjentakande melodi - ein slags ritornello - som innimellom blir til korsang. Stemma blir kroppsleggjort i rommet, og rørslene blir omsett til ei forførande og øm utveksling: to personar som tilsynelatande er saman så lenge songen varar. **EN** A group of dancers move around the museum. They split and meet up moving randomly in an endless loop. From time to time, they invite visitors to pair up and share a slow dance with them. They also hum an increasingly repetitive melody - a sort of ritornello - that becomes choral at times. The voice is embodied in the space and the movement is translated into a both seductive and tender exchange: two persons apparently together for the duration of a song.

Dansarane held kvar sitt bananblad for å hindre augekontakt og gjere møtet meir fysisk. Den intime augneblinken, som blir understreka av dei fine, organiske formene til bananblada, faldar seg ut i ei oppleving der utøvarane nærmast smeltar saman som i ein spegel.

A fresh banana leaf, hold by the dancers, inhibits any eye contact emphasising a more physical encounter. This moment of intimacy coexists with the leaf's delicate organic border during an unfolding experience in which the performers seem to fuse with each other like in a mirror.

20. CECILIA VICUÑA, *Parti Si Pasión*, *New York*, 1981

Fire fotografi, digital trykk / Four photographs,  
digital print

Ulike dimensjonar / Dimensions variable  
Collection 49 Nord 6 Est - Frac Lorraine

© Cecilia Vicuña

11. CELIA GONDÖL, *Slow / Langsam dans*,  
2014-2017

Loop performance, a capella synging  
og eit kor som syng med bananblad /  
Loop performance, a capella singing  
and a choir singing with banana  
leaves

Med løyve frå kunstnaren / Courtesy:  
the artist

8. HELENA ALMEIDA, *Untitled / Utan tittel*, 2010

Video

Varighet/ Length: 18 min.

Collection 49 Nord 6 Est - Frac Lorraine, Metz [FR]

© Helena Almeida

7. LARA ALMARCEGUI, An open air café in the  
allotment gardens. The Van Houten Allotment Garden  
association in Weesp [Amsterdam] / *Ein utandørs  
kafé i kolonihagane*. Van Houten kolonihageselskap  
i Weesp, 2003

Lysbildeframvising / Projection of colour slides  
Med løyve frå kunstnaren / Courtesy: the artist

10. DORA GARCÍA, *The Joycean Society* / Joyce foreininga, 2013

Video 16 : 9  
Varighet / Length: 53 min.  
Med løyve frå kunstnaren / Courtesy: the artist

17. ALEX REYNOLDS, *Lala*, 2008

Single channel video / Ein kanals video

Varighet / Length: 6 min 26 s

Med løyve frå kunstnaren / Courtesy: the artist

18. TANJA SOLOMONOFF, RITA PONCE DE LEÓN,  
*Desconocer juntos, ir a otro* / *Uvitande saman, går til kvarandre* / *Unknowing together, going to each other*, 2016

Installasjon / Installation

Produsert med støtte frå / Produced with the kind support of Galería Livia Benavides, Lima, and Iberescena [2016] and of Sogn og Fjordane Kunstmuseum; Førde [2018]

Med løyve frå kunstnarane / Courtesy: the artists

Foto / Photo: Oddleiv Apneseth for Sogn og Fjordane Kunstmuseum

16. AMALIA PICA, *Assembled*, 2015

Installasjon med stolar og video / Installation with chairs and video

Varighet / Length: 10 min 41 s

Med løyve frå kunstnaren og / Courtesy: the artist and Herald St. London; Marc Foxx, Los Angeles; König Galerie, Berlin

Foto / Photo: MARCO Vigo / Enrique Touriño

9. KADER ATTIA, *Résister, c'est rester invisible* / *Å stå i mot er å halda seg usynleg* / *To resist is to remain invisible*, 2011

Kvitt kritt på kvit vegg/ White chalk on white wall

Collection 49 Nord 6 Est - Frac Lorraine, Metz [FR]

Foto/ Photo: MARCO Vigo / Enrique Touriño

© Kader Attia / ADAGP, Paris 2017

## AMALIA PICA

Født i 1978 i Nequén (AR). Bur og arbeider i Nequén (AR)  
Born in 1978 in Nequén (AR). Lives and works in Nequén (AR)

**NO** Ei gruppe frivillige ber kvar sin stol og prøver å danne ein sirkel, som om dei gjorde seg klare til å starte eit møte. Men dei lukkast ikkje. Så snart den siste personen har plassert stolen på bakken og skal setje seg for å lukke sirkelen, reiser den første personen seg for å danne ein ny sirkel rett ved sida av den førre.

Amalia Pica bruker denne koreografien til å utforske kva kommunikasjonskodar vi menneske har felles utanfor det munnlege språket. Performansen, som er utgangspunktet for denne installasjonen og videoen, utforskar gruppedynamikk, samarbeid og kva det vil seie å gi og ta, i eit kroppsleg samspel som bidreg til inkludering og ekskludering. Performansen blei utført på den symbolladde Plaza del Congreso i Buenos Aires og er meint som ein sosiopolitisk metafor for statsborgarskap som bryt opp det urbane kvardagslivets rytme.

A group of volunteers, each carrying a different chair, try to form a circle as if to launch a meeting, without ever succeeding. As soon as the last person in line is ready to sit in the chair they've just deposited and close the circle, the person who started the process gets up to begin forming a new circle right next to the first one.

Through this choreography, Amalia Pica explores what we have in common in an effort to discover codes of communication outside the spoken language. The performance, which gives rise to this installation and video, investigates group dynamics, modes of collaboration, and the give-and-take between bodies conducive of inclusion or exclusion. Performed at the emblematic Plaza del Congreso in Buenos Aires, it is intended as a sociopolitical metaphor of citizenship that breaks up the daily rhythm of city life.

ASSEMBLED, 2015.

LAIA, 2008.

## ALEX REYNOLDS

Født i 1978 i Bilbao (SP). Bur og arbeider i Brüssel (BE) og Berlin (DE)  
Born in 1978 in Bilbao (ES). Lives and works in Brussels (BE) and Berlin (DE)

**NO** I det som ser ut som ein tom gymsal, ser vi ei jente i fritt svev. Illusjonen om at ho flyr, blir broten når vi ser at ho blir halden oppe av ein ballongklase. Ho ligg ikkje i ro i lufta, men svevar likevel og ventar roleg på at noko skal hende. Handlinga er uklar, og verket gir spelerom for fantasien – ei stund.

Så blir bakgrunnsstøyen sterkare, og vi ser ei folkemengd. Folka prøver å byggje eit tårn av kroppane sine. Dei finn plassen sin i mengda, dei diskuterer strategi, dei berører einannan, dei klatrar og held einannan på plass. Dei intense kjenslene, som fysiske spaningar, smerte og frykt, forsvinn når Laia, med hjelp frå andre, stig ned frå toppen og gruppa løyser seg opp i individ att.

**EN** In an apparently empty gymnasium, we see a little girl in suspension. The illusion that she could fly vanishes with the view of a bunch of balloons holding her. Despite her unstable position, she floats, calmly waiting for something to happen. The plot is unclear and, for a while, there is space for imagination.

An increasing background noise breaks up as a crowd appears. There are people taking positions, negotiating a strategy, touching, climbing, holding each other to build a tower made of bodies. The intensity of feelings such as physical tension, pain and fear disappears as Laia, with the support and cooperation of others, descends from the heights and the group dissolves into individuals again.

Født i 1974 i Rosario (AR). Bur og arbeider i Mexico City (MX)  
Born in 1974 in Rosario (AR). Lives and works in Mexico City (MX)

## RITA PONCE DE LEÓN, TANIA SOLOMONOFF

Født i 1982 i Lima (PE). Bur og arbeider i Mexico City (MX)  
Born in 1982 in Lima (PE). Lives and works in Mexico City (MX)

[NO] Publikum blir inviterte inn i eit lyst og gåtefullt rom. Skorne set dei frå seg utanfor. Golvet er dekt av fleire hundre meter med kraftig bomullsstoff som er sydd saman til eit heile. Tekstillandskapet verkar både underleg og kjend, ikkje minst fordi det innbydande stoffet oppmodar til taktil samhandling. Denne mystiske og intime opplevinga kan delast når kollektive krefter oppstår.

Kunstnarane har laga verket som ein reaksjon på kvardagens vald, altså den valden som "har forma oss". Dei kjem med framlegg om ei meir inkluderande og utfordrande erfaring utanfor det munnlege språket i eit forsøk på "å generere kunnskap gjennom kroppen sitt forhold til rommet og andre former og vise veg mot ein ærleg dialog." Kunstnarane er til stades på opninga for å følgje oss inn i dette omsluttande verket - eit verk som konfronterer oss med omgrep som å "berøre, syne fram, vise omsut, verne, falle ned, leggje seg ned, sove, snakke, kjenne ubehag, innsjå, skape stille, vere, vandre, vere tilgjengeleg, forlate, påverke, vende tilbake ...".

By leaving their shoes out, visitors are invited to enter a bright enigmatic space. The floor, covered with hundred of yards of seamed and drilled fabrics, becomes an odd and familiar landscape partly because of its appealing cloth shapes and the urge of interacting with and through the material. This mysterious and intimate experience may be shared when collective forces are required.

Responding to the violence contained in the everyday - and that 'have shaped us' - the artists propose a more inclusive and challenged human experience beyond oral language, in an attempt 'to generate knowledge from the body in relationship with space and shape, and open paths to an honest dialogue.' The artists will be present at the opening to accompany us through this immersive work that confronts us to concepts such as 'touch, display, care, shelter, drop, lie down, sleep, talk, be uncomfortable, realise, create silence, be, wander, be available, leave, affect, go back...'

[DESCONOCER JUNTOS, IR A OTRO, 2016.]

[UNKNOWING TOGETHER, GOING TO EACH OTHER], 2016.

[UVITANDE SAMAN, GÅR TIL KVARANDRE], 2016.]



PARTI SI PASIÓN, NEW YORK, 1981.

## CECILIA VICUÑA

*Født i 1948 i Santiago (CL). Bur og arbeider i New York (US)*

*Born in 1948 in Santiago (CL). Lives and works in New York (US)*

**NO** I 1981, i ei tom gate i Manhattan, skreiv Cecilia Vicuña orda "PARTI SI PASION", som bokstavleg tyder "fest ja lidenskap" [eller "å delta i liding"]. Les vi dei tre orda som eitt ord, blir tydinga "deltaking". Skrifta blei sliten ned av vêret, men i all sin flyktige karakter var ho likevel kategorisk. Bokstavane var måla i fargane til det chilenske og amerikanske flagget.

Kunstnaren driv ein dekonstruktiv poesipraksis der ho deler opp ord og skaper nye meiningar ved å blande spansk og engelsk. Ho utforskar korleis ord kan lesast kvar for seg eller slegne saman til eitt ord. Oppmodinga om å delta og vere direkte involvert er ikkje ein lovnad om enkel lukke. Lidenskap kan gi glede, men også liding, og dette er ei påminning om å verdsetje livet utan å vike unna lidinga. Stavinga "si" kan lesast både som eit vilkår ["dersom"] og ei nødvendig stadfesting ["ja"].

**EN** In 1981, in an empty Manhattan street, Cecilia Vicuña traced the words 'PARTI SI PASION,' which literally translates into 'party yes passion' [or 'to share in suffering'], whereas as a single word it spells out 'participation.' Subject to weathering, the inscription was ephemeral yet no less categorical. The letters were painted in the colors of the Chilean and American flags.

A skilled poet, the artist cuts up words to suggest new meanings through a deconstructive practice in Spanish and English. She explores the possibilities of words read separately or joined together. The enjoinder to participate, to be directly involved, is, however, tinged with concern. Passion may be joyful but may also be a source of suffering, which reminds us of the importance of both cherishing the life and sharing in its pain. The syllable 'si' emerges as a condition ['if'] as well as a necessary affirmation ['yes'].





10



18



7